

Orientering frå partane SR/SU mars 2022 (til referat)

Helse Bergen HF:

1. Endringar i forfatarrolle av Pleie- og omsorgs meldingane frå Helse Bergen HF

HB ønskjer å informere om at det vil kunne komme endringar i forfatarrolla av Pleie- og omsorgsmeldingane (PLO) frå Helse Bergen. Dette er ei oppfølging av Handlingsplan for helsefagarbeidarar vedteke i Føretaksleiinga i 2020.

Det vart vedteke at helsefagarbeidarar i Helse Bergen skal få same tilgangar i pasientjournalssystemet som sjukepleiarar.

Tilgangane dei no vil få vil og inkludere skrive- og lesetilgang i Pleie- og omsorgs meldingane (PLO). Dei vil dermed kunne opprette, skrive og sende alle PLO meldingar til kommunehelsetenesta. Dei kan og ta imot, lese og kvittere ut meldingar sendt til oss frå kommunehelsetenesta. Helse Bergen byrjar no arbeidet med å utarbeide retningslinjer for kva helsefagarbeidarane skal kunne utføre knytt til elektronisk PLO, kva dei treng av opplæring for å kunne utføre elektronisk kommunikasjon og korleis dei skal få denne opplæringa.

Det vil være den enkeltes leiar som vurderer at helsefagarbeidaren har behov for tilgang ut over det som er standard.

2. Heroinassistert behandling

SR/SUene fekk i mai 2021 informasjon og invitasjon om deltaking i arbeidsgruppe.

Helse Bergen HF ønskjer å tilby behandlinga til pasientar i målgruppa frå heile opptaksområdet til Helse Bergen. Ei avgrensing for pasientars mogelegheit for deltaking vil være avstand frå bustad til behandlingsstad, då pasienten må møte ved HAB-klinikken to gongar dagleg, med 4-6 timars mellomrom, kvar dag 365 dagar i året.

Helse Bergen ønskjer å informere om at me i løpet av mars 2022 tar imot dei fyrste pasientane for oppstart i heroinassistert behandling (HAB).

Tilbodet er ein del av legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Målgruppa for HAB er personar som er avhengige av heroin og som ikkje har hatt tilstrekkeleg nytte av anna behandling.

Me startar i mellombelse lokale i Skutevikenklinikken i Nye Sandviksvei sidan ombygginga av lokala i Håkonsgaten tar lenger tid enn tidligare berekna.

me tek imot tilvisingar frå 15. februar.

Tilvisingar kan sendast til:

Helse Bergen HF

Haukeland universitetssjukehus

Avdeling for rusmedisin

Postboks 1400, 5021 Bergen

Har du spørsmål om Heroinassistert behandling?

Kontakt teamleiar Vibeke Bråthen Buljovic:

E-post: vibeke.brathen.buljovic@helse-bergen.no

Tlf: 94 79 89 83

3. Innspelskonferanse barn og unge

Helse Bergen inviterer til innspelskonferanse for framtidens psykiske helseteneste for barn og unge 9. mai. (kl 10-14, Bikuben)

Dette er ein ny dato for konferansen som var planlagt 13.des 2021, men som måtte utgå pga pandemiltak.

Oppsettet vert liknande det som var gjennomført under innspelskonferansen for vaksne 4.11.2021 – innleiingar og mykje tid til diskusjon og innspel, som me noterer og vil oppsummere i rapport.

Me hadde liste med påmeldte frå alle kommunane til den 13.12. For ordens skuld sender me ikkje info og påmelding til den enkelte som var påmeldt då, men heller til postmottak og kan legge ved namn på dei som var påmeldt sist gong. Dette for at kommunane skal sleppe å igjen tenkje seg om ift kven som kan vere aktuelle, og evt kan supplere/erstatte dersom nokon har slutta, ikkje kan eller av andre grunnar vil justere.

Me vil kunne sende ut påmelding og program når SU-runden er ferdig (veke 11).

4. Digital Helse- dagar konferanse

Digital Helse-dagar konferansen skal være 1-2 juni i Bergen. Konferansen er ny, men er eit resultat av at ein slår saman dei to e-helsekonferansane på vestlandet: THOM-konferansen (HVL) og KlinIKT (HBE). I tillegg har ein kopla konferansen til Alrek Helseklynge.

Samhandling er eit av tema på konferansen.

SR/SU vil få invitasjon til å delta.